

Tale, Ivar Aasen-stemnet 29.6.14

«Gode stemnelyd!», kunne eg valt å innleia denne talen med. Eit «Signe dagen» kunne også vore på sin plass. Det vakre «freden god», blant anna brukt i Trondenes, kunne òg vore noko. Eller eg kunne valt meg å innleia med «Ja vell!», slik mange helsar kvarandre på Sør-Vestlandet, gjerne med ein litt spørjande tone – truleg beslekta med «Jaså, er det dei karane?». Eg kunne sjølv sagt vurderer å gjera som Kjartan Fløgstad let Arnold Høysand gjera i Dalen Portland, og helsa med eit festleg «Sjalabais!». Det reknar eg med dei fleste her ville oppleva som noko *vel* uformelt for eit stas-høve som dette, tilliks med «morn» – eller «månn», som det heiter på Sandnes, der eg kjem frå.

Desse innleiande helsingsfrasene og mange andre slike helsingar høyrer med som ei eiga avdeling av det me kallar det norske språket. Dei nemnde helsingsuttrykka har likevel ulik regional utbreiing og dei har ulik stilvalør. Når eg bruker dei, seier eg noko om både kven eg er eller ønskjer å framstå som, og kva forhold eg har til dykk – om det er nært eller fjernare, respektfullt eller meir uærbødig. Slik kan me sjå at språket vårt - denne felles eige dommen som stadig blir til på nye måtar når me deler han med kvarandre – både fortel om kven me er og om korleis me oppfattar oss sjølv og kvarandre.

I dei store norske vitskaplege språksamlingane som eg er så heldig å få arbeida med i det daglege, piplar historia om oss ut av alle dei handskrivne kartoteksetlane, dei sirleg utfylte målførelistene og dei mange litterære tekstane me har samla i store digitale arkiv. Samlingane omfattar sjølv sagt ikkje berre helsingsfrasar som dei eg nemnde innleiingsvis, men dei inneheld språk for stort og smått, for kvardag og høgtid. Det er likevel først og fremst kvardagen og folkemålet som gjeld hos oss. Dei flotte, nøye gjennomtenkte og velvalde orda me pyntar oss med til fest og høgtid fortel noko om oss, dei også. Men den store skatten ligg i orda me brukar i det daglege, utan å tenkja så mykje over dei. Det er desse orda og talemåtane som utgjer den store mengda, og som gjennom tida ber hovud-delen av tankane me ønskjer å

dela med verda kring oss. Språket og orda lyfter gjenstandar, stader, tankar og idéar ut frå dei språklause omgjevnadene sine og viser kva me har vore og er opptekne av. Eit enkelt dykk ned i språksamlingane illustrerer dette: Her finn me orda for det folk har ønskt å formidla noko om – både frå den konkrete, fysiske verda og frå idéverda. Dei orda som manglar, er ord for dei sakene ingen har oppfatta som viktige nok til å snakka saman om. Når me først ser på dei store språksamlingane våre med dette blikket, finn me rikeleg med spor av at tida og utviklinga endrar både *kva* me har behov for å snakka eller skriva om, og *korleis* me snakkar om det.

Somme ord og talemåtar held me så for oss sjølv at me berre delar dei med den næraste familien. Desse finn som regel ikkje vegen inn i samlingane våre, og dei har ei levetid på kanskje berre eit par generasjonar. Men dei orda og talemåtane som er felleseige i ein større krets av brukarar – eit nærmiljø, eit bygdelag eller kanskje også ein heil landsdel, *dei* er det som verkeleg kan bidra til å fortelja historia om oss.

Me veit det sjølv, dersom me har vore på stader i verda der me ikkje kan bruka det språket som fullt ut er vårt eige: Det blir vanskelegare å forklåra ting fullgodt og presist, og me risikerer både å velja både feil stiltone og velja ord som har ei litt anna tyding enn det me trudde.

Det var dette Ivar Aasen såg, og det var denne samanhengen mellom språk og fridom som var utgangspunktet for det fagleg eineståande arbeidet han gjorde med å skildra og gje status til det norske folkemålet. Det er denne ideen eg og alle redaktørane i Norsk Ordbok er så heldige å få vera med på å føra vidare i det daglege arbeidet vårt. I arbeidet med ordboksverket løfter me fram ord frå det norske folkemålet, lagar ordportrett av dei og mange av dei får hos oss ei skriftleg form for aller første gong. Språket er oftast er litt meir alderdomleg enn oss brukarane, og eg tek ikkje mykje i når eg seier at kvardagsforteljinga om det norske folket etter 1814 kan lesast ut av orda i dette store verket. Her finn me spora av kva me har snakka saman om. Me ser den konkrete dokumentasjonen av korleis me har betrakta oss sjølv og kvarandre, me les ut av dei typane tre, plantar og dyr som har fått eigne nemningar kva me har

oppfatta som viktig i naturen kring oss. Me ser også dokumentert kva mat me har ete, kva reiskapar me har brukt, korleis stovene våre har vore innreidde, kva ungane våre har leika og korleis me har sett ord på sjukdom og uår, glede og sorg. For å nemna noko.

I språksamlingane finn me også dokumentasjon på korleis me har organisert verda kring oss. Om me held språkdokumentasjonen opp mot kartet, kan me sjå at det ikkje alltid er eit ein-til-ein-samsvar mellom den språklege og den fag-geografiske røynda. Dei to gardane «nordgarden» og «sørgarden» treng slett ikkje liggja i ein streng nord-sør-relasjon til kvarandre. Kva kompassnåla har vist, har vore mindre viktig enn at dei som hadde bruk for det, utmerka godt kunne forstå kva for gardar det var tale om. Me ser det på andre felt også: Språket gjev oss lov til å gå både «opp» og «ned» eit heilt flatt kyrkjegolv, og ein fotballtrenar kan gjerne flytta eit fotball-lag oppover eller nedover på ein paddeflat fotballbane. I eit større perspektiv ser me at me nordmenn plasserer oss sjølv «her oppe», medan kjeldematerialet vårt viser at me ofte har betrakta verda sør for Danmark som eit ikkje nærare avgrensa «nedi landa», eller «i låndå», som det står i samlingane våre i flott dativform frå Sunnmøre. Kor langt dette «nedi landa» eigentleg strekkjer seg, er ikkje så relevant for bruken av uttrykket, men det kan sjå ut til at det omfattar temmeleg store delar av verda kring oss. USA, der dei fleste av oss har hatt minst ein slektning, er unntatt . I nyare tid viser kjeldene at landområdet «Syden», som geografisk like gjerne ligg i Thailand som i Hellas eller utanfor Nord-Afrikakysten, også stig fram som eit eige land, så å seia. Seier dette om oss at me som folk er lite interesserte i verda kring oss? Det trur eg ikkje utan vidare me kan seia. Snarare viser dette at me i daglegspråket organiserer omgjevnadene våre måtar som er effektive til sitt bruk. Samanhengen dei står i, avgjer om utsegnene er opne eller fordomsfulle.

Men folk her til lands, då? Kva fortel språket vårt om korleis me har me oppfatta *kvarandre*? Det korte svaret er: mykje, sjølv sagt! Eit sveip gjennom dei store mengdene dialektmateriale viser nokre artige tendensar eg har lyst å dela med meg

her i dag. Av verb som skildrar måtar å arbeida på, har dialektane eit stort register for det å arbeida seint, smått, somlete og med ringt lag. Verb som *beka*, *dankla*, *gnavla*, *kjøgla*, *nolka*, *paura*, *sugga* og *tasla*, utgjer berre eit lite utval av desse. Somme gonger kan det òg følgja med artig tilleggsinformasjon, ut over dette med at det går seint. I dei meir resultatorienterte variantane ligg det ofte eit element av at det endelege resultatet dessutan er **dårleg**, slik som med verba *knarva* frå Nordfjord, *tovsla* frå Valle eller *tandla* frå Modalen.

Kven er dei då, desse som arbeider så seint, treneva og smått? I Eksingedalen har dei *furlaren*, i Trondenes heiter han ein *kjonar*, i Nordfjord kallar dei han ein *krot* og i Sør-Aurdal *nøk*. I Ål i Hallingdal kallar dei denne typen dårleg arbeidskar for ein *mjugl*, og ikkje berre arbeider mjuglen seint, men dertil også klønete. Verst er frå gammalt av sjølv sagt kvinnene, og substantivet *sibbe*, som me har nedteikna opplysningar om frå Sykkylven, fortel om ei kvinne som arbeider seint. Det same gjer ei *krøne*, og dette ordet er registrert brukt både i Syvde og Volda. Forbløffande ofte omfattar karakteristikken av desse kvinnene òg at dei er noko sjuskute og uflidde.

Kva kan så denne store og rike floraen norske dialektar har av ord for å arbeida seint, smått og dårleg vera uttrykk for? Kanskje ser me her først og fremst ein refleks av den protestantiske arbeidsmoralen, som har gjort det til synd og skam og difor eit relevant samtaleemne at nokon ikkje gjer skikkeleg og godt arbeid.

Ikkje berre avslører språksamlingane våre kva me har sagt om kvarandre opp gjennom. Dei kan også gje andre spor av kva me har brydd oss meir og mindre om. Av vekedagane ser det heilt klart ut til at me bryr oss minst om tysdagen. Dette kan me sjå fordi tysdagen opptre sjeldnare i skrift enn andre vekedagsnemningar. Det er jo ikkje slik at det er færre tysdagar i livet vårt – dei ser berre ut til å ha vore mindre interessante å snakka om enn andre dagar. Måndagen, for eksempel, er rikt representert i kjeldene våre, og då gjerne med negativt forteikn. Ordtak av typen «ein sur måndag gjev ei blid veke», som me har registrert frå Sandsvær, er talande for dette. Helgedagane snakkar og skriv me også mykje om, og dei knyter det seg mange

forventningar til – særleg søndagen. Til denne vakre søndag ettermiddagen her på Aasen-stemnet har eg frå samlingane valt meg ut følgjande Aasen-sitat: «Du sunndagskveld, du sunndagskveld, du er no alltid min beste kveld.» Eg tippar me hadde hatt bruk for litt tilleggsinformasjon – litt forklårande kontekst – om om det var tysdagskvelden Aasen gav denne flotte omtalen.

Dei største og blankaste orda våre – ord av den typen som gjerne dukkar opp på 17. mai eller i nyttårstalen frå statsministeren - er stort sett berre til bruk i meir høgstemte eller kritiske situasjonar. Det er heilt i tråd med forventningane når me kan sjå at vakre og viktige ord som *folkestyre* og *sjølvråderett* gjer kraftige hopp i bruk i åra kring folkerøystinga om EF i 1972 og EU i 1994, medan me ser at dei elles ikkje er så mykje brukte i kvardagen. Me treng sjølv sagt desse orda også, men dersom dei stadig låg høgt oppe på bruksstatistikkane, ville det truleg tyda på at sjølvrådet og folkestyret stod i kronisk fare for å forsvinna. Ein ting veit me likevel: At ein grunnleggjande føresetnad for å dyrka og styrka dette folkestyret – og då er det altså saka og ikkje ordet eg meiner – den føresetnaden er at me har eit språk til å delta med. Nettopp i det biletet er kvardagsmålet vårt så uendeleg viktig å passa godt på.

Kjære alle saman! Ivar Aasens arbeid for det norske folkemålet gav oss ei stor gåve, og i den gåva ligg både ein reiskap for kvar og ein av oss til å kunna klara oss i verda, og ei historie om kven me er og har vore. Denne historia får lagt til seg nye kapittel gjennom den daglege bruken vår av språket, for språket er som verda elles i stadig endring. Det skal me alle vera glade for – for eit språk som ikkje er i endring, er eit dautt språk. Og det er det siste me ønskjer oss!